

SEIM GARD

BR.6
MARIT OG REIDAR KONGLEVOLL

5912 SEIM , TLF 56 35 13 34 FAX 56 35 53 23
MOB 928 48 980

Lindås Kommune
Kommunalsjef Kristin Moe

SAK : VEDR. KVALITETSPLAN FOR OPPVEKST 2016-2028.

Eg har i dag fått tilsendt over nemnde kommunedelplan på e-post, og ser at kommunen i lengre tid har jobba med plan for innhaldet i barnehage og skule for åra som kjem. Eg siterer frå planen med mine understrekingar :

*Målsetjinga er trygge barn i Lindås som **deltek, meistrar og lærer**. Kvalitetsplanen skal sikra **tidleg innsats** og **tverrfagleg samarbeid** i sektoren.*

Kvalitetsplanen konsentrerer seg om sektoren sitt ansvarsområde, men omtalar og samanhengar med andre avdelingar og samarbeidspartar, samt private og frivillige aktørar. Eit forpliktande samarbeid mellom alle involverte partar til det beste for barn og unge med familie, er ein viktig suksessfaktor for å nå måla i planen.

Lindås kommune har i meir enn 20 år hatt Inn på Tunet tiltak retta mot barn og unge . Årsaka til at slike tiltak har overlevd skiftande kommunestyre og varierende budsjettsituasjonar må vera at kommunen har sett verdien av dette og mogeleg resultat hjå dei elevane som har fått eit slikt tilbod. Men Inn på Tunet har i alle desse åra mangla ei skikkeleg kommunal forankring i plandokumenta som kommunen styrer etter.

Denne kvalitetsplanen er slik eg ser det ein stad der Inn på Tunet som tiltak overfor barn og unge kan forankrast for framtida. Då er det trist å sjå at Inn på Tunet ikkje er nemnd i det heile i planen.

Tilknytingspunkt for Inn på Tunet som tiltak finst i mangfald gjennom heile planen – så meir dokumentasjon og grunngjeving skulle ikkje vera naudsynt i det heile.

Eg ber om at de ser på planen på nytt – og får med Inn på Tunet som konkret løysing på mange av dei utfordringane planen tek opp. Naturlege partar å dra inn i her må vera kommunalsjef landbruk , Kjartan Nyhammer og gjerne PPT ved Bodil Rossnes.

Sjølvsjøl stiller eg meg meir enn gjerne til disposisjon om det er ønskjeleg.

Mvh



Kopi til : Ragna Midtbø, Arne Kvamme, Kjartan Nyhammer, Bodil Rossnes.